



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Videorom 2. etg.
Dato	01.06.2026
Tid	Kl. 13:00 - 15:30

Følgjande medleamar møtte

Elfrid Rauset Håheim
Jan Ove Rygg (p)
Jenny S. Hysing
Tone-Kristin Morken

Frå

H

Forfall/møtte ikkje

Anne-Pia Nygård

Frå**Følgjande varamedlem møtte**

Elsa Tystad

Frå**Underskrifter**

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
011/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
012/26	Referat og orienteringssaker
013/26	Orientering om endringar i krisesenterlova frå 1. januar 2026
014/26	Årsmelding pasient- og brukarombodet 2025
015/26	Gordon AS søker om skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3 for Gordon hotell på Reed
016/26	Detaljregulering for Evebø - planforslag til 1. gongs handsaming
017/26	Lokal forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune - legge på høyring
018/26	Tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar 2026
019/26	Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Gloppen kommune - ut på høyring
020/26	Årsmelding og rekneskap for 2025
021/26	Kommunedelplan oppvekst - sluttbehandling

011/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Rådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 18. mai 2026
2. Rådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 1. juni 2026

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 011/26 Vedtak

1. Rådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 18. mai 2026
2. Rådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 1. juni 2026

012/26: Referat og orienteringssaker

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

Om nordfjordløpet: Arrangørane er positive. (sjekk namn) Dagfinn Nyhamar/Gloppetrimmen og Gloppen Helselag er positive til å vere med. Sjekk om idrettsplassen er ferdig da. Ellers Trivselsskogen, ulike løyper der. Vi jobbar vidare med det, Leiar og sekretær held i trådane..Tema på neste møte.

Ordet fritt:

Mosjonsbading i Trivselshagen på torsdagar mister fysioterapeuten. Det er ein turnuskandidat som har trena jamnt over 15 kvar torsdag. Det er også to grupper til. Dette betyr at 50 personar utan instruktør. Fysioterapeuten er nødvendig for at treninga skal vere effektiv. Å gå i bassenget utan instruktør blir ikkje det same. Dette er viktig for revmatikere og nyopererte. Turnusfysioterapeuten er også viktig for kapasiteten i fysiotilbodet. Dette vil føre til at nokre mister tilbodet sitt. Dette gav rådet tilbakemelding på i budsjettbehandlinga.

RAD- 012/26 Vedtak

Rådet ser at det er negative konsekvensar av budsjettvedtaket om å ta ned kapasiteten innan fysioterapi. No står deltakarar i Frisklivssentralen i fare for å miste tilbodet om bassengtrening med kvalifisert instruktør.

013/26: Orientering om endringar i krisesenterlova frå 1. januar 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026

Eldrerådet tek saka til orientering.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 013/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

014/26: Årsmelding pasient- og brukarombodet 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 014/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

015/26: Gordon AS søker om skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3 for Gordon hotell på Reed

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet viser til at søkjar oppfyller alle krav i løyvepolitisk del av ruspolitisk plan og vedtek at søkjar får skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3 som omsøkt for Gordon hotell for restauranten og uteområdet i hagen.

Tillaten skjenketid følg normaltidene i ruspolitisk plan:

Normaltida for skjenking av øl og vin er:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag – torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag – torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Spesielt for uteservering:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag – torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Ruben Elvebakk Nesdal skal vere skjenkestyrar for løyvet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 015/26 Vedtak

Rådet peikar på at det er behov for serveringsstader i kommunen med tilgjenge for alle, og ber om at dette perspektivet blir løfta i svarbrevet om skjenkeløyve.

016/26: Detaljregulering for Evebø - planforslag til 1. gongs handsaming

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet legg forslag til detaljregulering for Evebø ut til høyring og offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11. Før utlegging skal følgjande vere innarbeidd:

- 30 % av bueningane innanfor planområdet skal vere tilgjengelege bustadar. Grunngevinga er å sikre ei utbygging budd på den demografiske utviklinga i kommunen.

Samfunnsutvalet varslar samstundes at gjeldande reguleringsplan for del av gnr. bnr. 77/15 og 77/302 i Åsen (vedteken 28.01.1987) vil bli oppheva ved vedtak ny detaljreguleringsplan.

Administrasjonen får høve til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta før dei vert sendt på høyring.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 016/26 Vedtak

Rådet støtter kravet om at 30 % av bueningane skal vere tilgjengeleg bustader. Dette handlar ikkje berre om demografiutviklinga, men også om at det er behov for tilgjengelege bustader for menneske i alle aldersgruppe.

Sjølv om rådet ser at gang- og sykkelvegen blir brattare enn krava til UU, ser dei også at den vil vere til fordel for mange grupper, også blant dei som rådet representerer.

017/26: Lokal forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune - legge på høyring

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet legg lokal forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune på høyring slik den ligg føre i saka. Høyringsperiode er 5. juni 2026 til og med 20. september 2026.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 017/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

018/26: Tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet vedtek følgjande fordeling av kulturmidlar på kr 450 000 som er sett av til lag og

organisasjonar i 2026:

1. Ungdomsrådet får **kr 70 000** som dei fordeler til barne- og ungdomsorganisasjonar som har søkt.
2. Idrettsrådet får **kr 141 000** som dei fordeler til idrettslag som har søkt.
3. Samfunnsutvalet fordeler resten av midlane på følgjande lag og organisasjonar:

Song og musikklag	Tildeling 2026
Sandane barnegospel	4 000
Breim og Sandane skulekorps	20 000
Hyen spelemannslag	4 000
Austrheim musikklag	4 000
Breim Spelemannslag	3 000
Gloppen Hardingfelelag	4 000
Vereide kyrkjekor	3 000
Hyen Blandakor	4 000
Glopperaddane	3 000
Sum	49 000

Grendahus	Tildeling 2026
Sandal krins	0
Årdal krins/grendahus	0
Eimhjellen grendahus	5 000
Hole Grendahus	10 000
Bygdehuset Haugtun	0
Kandal grendahus	15 000
Myklebust grendahus	10 000
Normisjonen Møtepunkt B	10 000
Grendahuset Runnevang	10 000
Sum	60 000

Andre kulturaktivitetar	Tildeling 2026
Gloppen Jeger og Fiskarlag	5 000
Midtre Nordfjord Fjordhestlag	5 000
NFU Gloppen	5 000
Nordfjordbåtlaget Kystlag	5 000
Gloppen seniordans	4 000
Breim seniordans	3 000
Gloppen bygdekvinnelag	4 000
Nesjane bygdekvinnelag	3 000
Ytre Kandalstøyla ysteri	3 000
Gloppen køyre- og rideklubb	5 000
Hørselsforbundet Gloppen	3 000
Maiken B Syverudaasen	0
Sum	45 000

Naturforvaltning	Tildeling 2026
Utvikjellet Løypelag	30 000
Fjellhug/Vereide IL	25 000
Hyen idrettslag	15 000
Eggenipa 4H	0
Åsen Vel	15 000
Eimhjellen grendalag	0
Sum	85 000

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 018/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

019/26: Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Gloppen kommune - ut på høyring

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet legg «Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027/2028 i Gloppen kommune ut på høyring i perioden 5. juni til og med 23. august 2026.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 019/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

020/26: Årsmelding og rekneskap for 2025

Kommunedirektøren si tilråding

1. Den framlagde rekneskapen for 2025 for Gloppen kommune med vedlagt drifts-, investerings- og balanserekneskap, og med følgjande nøkkeltal, blir fastsett som Gloppen kommune sin rekneskap for 2025:

Nøkkeltal – årsrekneskapen 2025:	Kr (i 1000 kr)
Driftsinntekter	-796 653
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar)	786 820
Netto finansutgifter	45 631
Motpost avskrivningar	-33 931
Netto driftsresultat	1 866
Avsetningar til bundne driftsfond	5 327
Bruk av bundne driftsfond	-5 238
Netto bruk/avsetning bundne driftsfond	89
Korrigert netto driftsresultat	1 955
Bruk av disposisjonsfondet	-1 955
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0

2. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå Gloppen kommune for 2025.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

Felles orientering med eldrerådet, ved Benedicte Moritsgård, økonomisjef.

RAD- 020/26 Vedtak

Rådet meiner dette vart presentert godt på rammekonferansen. Rådet opplever at rammekonferansen er eit godt og nyttig tiltak, og håper kommunen held fram med å invitere alle råd og utval til dette framover.

021/26: Kommunedelplan oppvekst - sluttbehandling

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek Kommunedelplan for oppvekst (oppvekstplanen) slik den ligg føre i saka.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

Rådet meiner det er positivt at planen har vekta omsynet til elevar med særskilte behov i saka om fire eller fem dagars veke. Rådet meiner også at det har vore god planprosess, og at det ligg føre ein god plan.

RAD- 021/26 Vedtak

Rådet meiner at fem dagers veke bør utgreiast vidare. Eit perspektiv som ikkje er løfta så mykje fram når det gjeld elevar med særskilte behov, er at mange av dei har helseproblem som kan gi auka fråvær. Då er det meir sårbart å gå glipp av ein av fire dagar i veka, enn ein av fem.

Rådet peiker på Plan for samordning av tenester til barn og unge, og ber om at den blir prioiritert for revidering.